



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	12.06.2012	106/12	IH
Kommunestyret	21.06.2012	037/12	IH

Avgjerd av: Saksansv.: Inger Hilde	Arkiv: K1-145	Arkivsaknr.: 10/613
---	-------------------------	-------------------------------

Fjordkryssing Ytre Nordfjord, samband mellom Rv 15 og Fv 616, kommunedelplan, handsaming av merknader til planprogram etter høyring

Dokumentliste:

Nr.	T.	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	07.04.2010	Kystvegutvikling AS	Vedr. kort ferge over ytre Nordfjord
9	I	21.12.2011	Rambøll	Tilbud, planprogram for kdp fjordkryssing Ytre Nordfjord
6	I	22.12.2011	Mats Mastervik	tilbod planprogram for KDP fjordkryssing Ytre Nordfjord
5	I	22.12.2011	Tegn 3	«Tilbod, planprogram for kdp fjordkryssing Ytre Nordfjord»
7	I	22.12.2011	Multiconsult	TILBUD - planprogram fjordkryssing Ytre Nordfjord
8	I	22.12.2011	avd Førde Nordplan AS	Tilbod planprogram for kdp fjordkryssing Ytre Nordfjord
11	I	08.02.2012	Mats Mastervik	Oppdatert framdriftsplan
13	U	03.04.2012	adresseliste	Kommunedelplan for kryssing av ytre Nordfjord, samband mellom rv 15 og fv 616, varsel om planoppstart og høyring av planprogram
30	I	14.04.2012	Ole Åsmund Bernås	Merknad
15	I	24.04.2012	Kystverket	Uttale - planoppstart, høyring av planprogram, for kommunedelplan for fjordkryssing ytre Nordfjord, samband mellom rv 15 og fv 616, Vågsøy og Bremanger kommunar
14	U	27.04.2012	Fjordenes Tidende	Annonsering av folkemøte om planprogram for kdp ferjekryssing ytre Nordfjord
16	I	04.05.2012	Eirik Herdlevær, Bergens sjøfartsmuseum Søyland	SV: Varsel om planoppstart, høyring av planprogram, for kommunedelplan

17	I	04.05.2012	Norges Vassdags- og Energidirektorat	for fjordkryssing ytre Nordfjord, samband mellom rv 15 og fv 616, Vågsøy og Bremanger kommunar
20	I	09.05.2012	Statens Vegvesen	Uttale til melding om planoppstart og høyring av planprogram for kommunedelplan for kort ferjekryssing ytre Nordfjord
25	I	13.05.2012	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Kopi: Kommunedelplan - Kryssing av ytre Nordfjord - rv. 15 og fv. 616. Merknad til varsel om planoppstart og høyring av planprogram
21	I	14.05.2012	Kolset krins utviklingslag KKV	Høyringsfråsegn til planprogram: Kommunedelplan for ytre fjordkryssing Nordfjorden
29	I	15.05.2012	Unni og Asle Flatin	Uttale til planprogram for kdp fjordkryssing ytre Nordfjord
26	I	16.05.2012	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Kommunedelplan og kryssing av ytre Nordfjord - planoppstart og høring. Innspill til høring av forslag til Vågsøy og Bremanger kommunar.
28	I	18.05.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Varsel om planoppstart og planprogram. Kommunedelplan for Fråsegn til oppstart av arbeid med kommunedelplan for kryssing av ytre Nordfjord, samband mellom
31	I	21.05.2012	Reidar Hope	Innspel frå SFE Nett AS.
23	I	07.06.2012	Inger Hilde	Inngåande dokument i sak 10/613
27	I	11.06.2012	Fiskeridirektoratet region vest	Vågsøy kommune og Bremanger kommune Sogn og Fjordane - kommunedelplan for fjordkryssing
24	I	11.06.2012	For styret i Kystvegen Ålesund - Bergen	Høyringsuttale til planprogram, kommunedelplan for ytre fjordkryssing Nordfjorden

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Plan- og bygningslova §§ 11-5 og 11-13 om kommuneplan, arealdelen, og utarbeiding av planprogram for planar med konsekvensutgreiing. Arealplan for Bremanger 2004-2016.

Kva saka gjeld:

Handsaming av merknader til planprogram etter offentlig ettersyn i 6 veker. Vedtak av planprogram.

Bakgrunn for saka: Med bakgrunn i sluttrapport frå 45-minuttsregionprosjektet er det det sett i gong arbeid med kommunedelplan for kryssing av Ytre Nordfjord. Arbeidet er samarbeid mellom Vågsøy og Bremanger kommunar, sidan planområdet omfattar begge kommunar. Målet for 45-minuttsregionen er ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion for

kommunane Vågsøy, Bremanger og Flora. Planarbeidet skal difor sjå på løysingar som tener dette målet, samstundes som ein veit at Kystvegen Bergen – Ålesund er eit mål på lenger sikt.

I Handlingsprogram for fylkesvegnettet 2010-2013 er 45-minuttsregionen sett opp på marginallista i uprioritert rekkjefølgje. I vedtaket av handlingsprogrammet seier fylkestinget at 45-minuttsregionen er ei naturleg vidareføring av Bremangersambandet del 2, og at ein vil arbeide for realisering av prosjektet ved utvida brukarfinansiering og statleg regionbyggjepakke. Fylkesutvalet har gjort vedtak om forskottering av kr 2 millionar til planlegging av parsellane i 45-minuttsregionen i sak 5/11 den 06.04.11.

Planarbeid for ny handlingsplan, Regional transportplan for 2014-2023, er igongsett. Bremanger kommune har kome med innspel til planarbeidet for denne i sak FSK-079/12 den 03.05.12, m.a. om 45-minuttsregionen. Planprogram for RTP er på høyring til 08.06.12. Forventa vedtak av RTP er hausten 2013.

Vedtak om planoppstart for kdp. fjordkryssing er gjort tidlegare i planutvala i Vågsøy og Bremanger tidlegare i år, sakene høvesvis PU-026/10 den 21.04.10 og FSK-057/10 den 23.03.10. Framlegg til planprogram for kommunedelplanarbeidet er utarbeidd av Asplan Viak, og er handsama i planutvala før offentleg ettersyn.

Om planprogrammet:

Framdriftsplanen legg opp til vedtak av planprogrammet i kommunestyra i Vågsøy og Bremanger juni i år, og endeleg vedtak av kommunedelplan mai 2013. Planprogrammet skal avklare kva alternative trasèar og løysingar som er tenlege og realistiske, og skildre korleis desse alternativa skal konsekvensutgreiast. I prosessen med konsekvensutgreiing blir det teke stilling til om òi løysing peikar seg ut, eller om kommunedelplanen bør leggjast til ettersyn i fleire alternativ.

Planprogrammet legg opp til at planarbeidet skal omfatte kort ferjekryssing/ bru ved Rugsundøy, som erstattar ferjestrekningen Oldeide-Måløy. Vidare nye vegframføringar til rv 15 i Vågsøy og fv 616 i Bremanger. Ferjesamband til Husevågøy skal også utgreiast. Ny ferjestad skal planleggjast slik at den kunne erstattast med bru.

Dei aktuelle ferjestadene på nordsida av Nordfjorden er Vemmelsvika og aust for Biskjelneset (kart s 29 og 30 i planprogramutkastet). Desse gjev to alternative tilførselsvegar med påkopling til rv 15 anten ved Nygård eller Almeningsfjellet vest. Dei to trasèane kan kombinerast med kvarandre. På sørsida av fjorden, på Tongane på Rugsundøy, er det òi realistisk løysing for plassering av ferjestad; Ørnavika. Tilførselsveg frå fv 616 går i tunnel over Tongane, grunna m.a. omsyn til kulturminne og landskap. Påkoplingspunkt til fv 616 og framføring av ca 1 km veg gjennom Hamnen blir viktig å utgreie i høve busetnad og fornminne. Tunnel blir ca 400 m.

Konsekvensutgreiinga omfattar prissette og ikkje prissette konsekvensar. Prissette konsekvensar er delt i temaene landskap, nærmiljø og friluftsliv, naturmiljø, kulturmiljø og naturressursar. Dei prissette konsekvensane omfattar m.a. hovudtemaene trafikant- og transportbrukarnytte, budsjettverknader for det offentlege, ulukkeskostnader, støy- og luftureining.

Planarbeidet inneber geotekniske vurderingar av dei ulike alternativa, og vurdering av ras- og skredfare. Mellombelse og varige deponi av overskotsmassar skal utgreiast. Anleggskostnader for alternativa skal utarbeidast med visse +/- 25%..

Formannskapa i Vågsøy og Bremanger er prosjektgrupper for planarbeidet, medan Bremanger kommune v rådmannen har det administrative ansvaret for planarbeidet. Bjarte Sandal og Olav Svangstu er Vegvesenet sine kontaktpersonar i planarbeidet. Det er halde folkemøte om planprogrammet i Vågsøy og Bremanger.

Saksutgreiing: Fråsegnene ein har fått ved høyringa er delte i to kategoriar; innspel til planarbeidet med kommunedelplanen og merknader til planprogrammet. Innspela til planarbeidet blir tekne med og vurderte i det vidare planarbeidet. Merknader til planprogrammet blir handsama i denne saka, og det framgår av tilråding om planprogrammet bør endrast som følgje av merknaden.

Planfagleg konsulent Asplan Viak har i samråd med administrasjonen i Vågsøy og Bremanger vurdert alle innkomne merknader, sjå underståande. *Merknadene vert supplerte med vår administrative kommentar/konklusjon underst.*

Oppdragsgiver:	Vågsøy kommune, Bremanger Kommune
Oppdrag:	528996 – Planprogram for KDP fjordkryssing Ytre Nordfjord
Del:	Høyring av planprogram
Dato:	2012-05-30
Skrevet av:	Guro Steine
Kvalitetskontroll:	Mats Mastervik

OPPSUMMERING MERKNADER TIL PLANPROGRAM

INNHALD

1	Merknader frå offentlege høyringspartar	6
1.1	Kystverket, brev dagsett 24.4.2012	6
1.2	Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE. Brev dagsett 4.5.2012	6
1.3	Bergen sjøfartsmuseum, merknad dagsett 4.5.2012	6
1.4	Statens vegvesen Region vest, vegavdeling Sogn og Fjordane. Brev dagsett 9.5.2012	6
1.5	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane. Brev dagsett 13.5.2012	7
1.6	Kystvegen Ålesund – Bergen v/styret, merknad dagsett 15.5.2012	8
1.7	Fiskeridirektoratet region Vest, brev dagsett 16.5.2012	8
1.8	Sogn og Fjordane fylkeskommune, brev dagsett 16.5.2012	9
1.9	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, brev dagsett 18.5.2012	9
1.10	Sogn og Fjordane Energj, SFE Nett AS. E-post dagsett 21.5.2012	9
2	Merknader frå private	10
2.1	Ole Åsmund Bernås, merknad dagsett 14.4.2012	10

<u>2.2</u>	<u>Notat frå ope folkemøte på Kolset skule 7.5.2012, v/Inger Hilde</u>	10
<u>2.3</u>	<u>Kolset Krins Utviklingslag v/Magnar Storøy, brev dagsett 10.5.2012</u>	10
<u>2.4</u>	<u>Oddvar Angelshaug, grunneigar gnr. 148, bnr. 1 og 4 på Angelshaug. Brev dagsett 14.5.2012</u>	10
<u>2.5</u>	<u>Unni og Asle Flatin, grunneigarar gnr. 148, bnr. 10 på Angelshaug. Brev dagsett 15.5.2012</u>	11

MERKNADER FRÅ OFFENTLEGE HØYRINGSPARTAR

Kystverket, brev dagsett 24.4.2012

- Peikar på at fjorden mellom Vågsøy og Rugsundøy er ei viktig bilei, og at arealbehovet for sjøtrafikken må takast med i kommunedelplanen
- Minner om at tiltak i sjø krev løyve etter Hamne- og farvasslova
- Peikar på at sjøtransport er viktig å belyse i planarbeidet

Kommentar: Sjøtransport er nemnet som tema i punkt 7.6 Samfunnstryggleik. I tillegg kan det vere aktuelt å krevje konsekvensar for sjøtransport utgreidd under planprogrammets punkt 7.4 Lokal og regional utvikling. Innspela til sjølve planen vert fanga opp i planarbeidet.

Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE. Brev dagsett 4.5.2012

- Rår til at tiltakshavar nyttar arealbrukskategori *Bruk og vern av sjø og vassdrag* jf. PBL § 11-7 nr. 6 til å merke vasstrengar og kantsoner i planen
- Rår til at aktsemdsområde for skred og steinsprang utanfor veglinja og som er med i planen vert merka som omsynssoner i planen
- Viser til NVE sine retningsliner 2/2011 som seier korleis flaum- og skredfare skal handterast i utgreiing og arealplan

Kommentar. Merknadene takast med i planarbeidet. Ingen endringar i planprogrammet påkravd.

Bergen sjøfartsmuseum, merknad dagsett 4.5.2012

- Viser til at Sjøfartsmuseet etter Kulturminnelova er uttalepart for alle tiltak som vil kunne råke sjøbotnen
- Minner om at undersøkingsplikta etter Kulturminnelova § 9 også gjeld for sjøbotn og i vassdrag
- Peikar på at særskilt for kulturminne i vatn og sjø gjeld Kulturminnelova § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom
- Innafor planområdet er registrert eitt skipsvrak (ikkje freda) og eitt vrakdumpefelt (uavklart vernestatus), i tillegg til fleire ankringsplassar nemnde i eldre losbøker frå 1800-talet
- Meiner konsekvensutgreiing med tanke på marine kulturminne bør gjerast på regulerings- eller byggeplannivå, for å avgrense omfanget praktisk og økonomisk
- Ber om at arealdisponeringar som omfattar sjøareal får føresegner i planen som sikrar at tiltaka vert lagt fram for museet for uttale i samband med regulerings- eller byggeplan
- Ber om at planen får føresegner som krev at alle enkelttiltak i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale, via fylkeskommunen.

Kommentar: Vi tek til etterretning at Sjøfartsmuseet ikkje finn det nødvendig å konsekvensutgreie på kommunedelplan-nivå. Ingen endringar i planprogrammet er påkravd. Merknadene som gjeld føresegner, bør takast til følge i planarbeidet.

Statens vegvesen Region vest, vegavdeling Sogn og Fjordane. Brev dagsett 9.5.2012

- Har ingen merknader til varsel om oppstart eller til planprogrammet

- Viser til planprogrammet og understrekar at det er avgjerande å finne ei god løysing for kryss med fv.616 og vegføring til ferjekaien på Rugsundøy
- Reknar med at det ligg innafor planprogrammet å sjå på lengre daglinje enn det som er vist på strekninga Almenningsfjellet vest og Vemmelsvika

Kommentar: Lengre daglinje ligg innafor planavgrensinga. Ingen endringar i planprogrammet er påkravd.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane. Brev dagsett 13.5.2012

- Meiner ein må sjå på kor tenleg ein vestleg trase om Måløy er i forhold til Kystvegen Ålesund – Bergen
- Meiner ein må unngå unødige inngrep i tilnærma urørde område og område med store kulturminneverdiar, ikkje berre på Rugsundøy men også Vemmelsvik og Angelshaug
- Peikar på stort konfliktpotensiale med kulturminne og INON-område på Rugsundøy, og stiller spørsmål ved at Ørnarvika er einaste ferjekaialternativ på sørsida av fjorden. Krev at det vert utgreidd alternativ med lågare konfliktnivå
- Er også sterkt kritisk til veg- og ferjekai-alternativa på nordsida av fjorden, og meiner einaste akseptable løysing er tunnel på det meste av strekninga frå Almenningsfjellet til nytt ferjeleie på Biskjelneset, slik at inngrepa vert konsentrert og Vemmelsvik og Angelshaug vert spart.
- Rår til at ein ser på mogleg lokalisering av ferjeleie på Rugsundøy lengre aust mot Strandaneset – Strandavika, og rett i tunnel til kryss med fv.616 nærast mogleg Skatestraumtunnelen
- Forventar at ev. overskotsmassar vert køyrt vekk, og ikkje deponert på Rugsundøy der det vil kunne øydeleggje og skjemme kulturminne og kulturlandskap
- Ber om at ein vurderer å leggje ny ferjestrekning lengre aust, der vegen på nordsida alt går nær fjorden. Peikar på Krokapolen – Elde, og Kalvneset
- Meiner lokaliseringa må sjåast si samanheng med framtidig bru, og at med bru må Husevågøy uansett behalde ferje frå Måløy. Sambandet til Husevågøy er derfor ikkje eit argument mot å leggje nytt ferjesamband lengre aust
- Rår på det sterkaste til at ein ser på andre alternativ for fjordkryssinga enn det planprogrammet legg opp til

Kommentar:

Naturvernforbundet sine merknader gjeld to forhold; det eine er at planområdet er relativt urørt av moderne inngrep, det andre er spørsmålet om kor tenleg ein vestleg trase er for brukryssing og i eit regionalt perspektiv. Begge forholda vert brukt som argument for å leggje fjordkryssinga lengre aust.

Vi meiner planprogrammet har rom for justeringar av tunnallengder og plassering av ferjeleie og kryss på Rugsundøy, med det formål å spare kulturminne og landskap. Strandavika har i innleiande vurderingar vorte vurdert å vere mindre eigna.

På nordsida av fjorden kan det sjå ut som om det kan vere fornuftig å ta inn eitt alternativ som knyt seg til rv.15 aust for Almenningsfjellet, slik at i større grad ein får utgreidd 45-minuttsregionen og Kystvegen Florø-Måløy i det regionale perspektivet og Kystvegen Bergen – Ålesund.

Dersom kommunane er einige i at alternativa over bør utgreiast, bør kommunane vurdere om planprogrammet med nye alternativ må høyrast på nytt, ev. ei avgrensa høyring for innbyggjarane i traseområdet.

Merknadene knytt til plassering av ferje/brusambandet lengre aust, ligg utanfor dette planarbeidet, og høyrer ev. heime på overordna nivå som for eksempel regional transportplan.

Kystvegen Ålesund – Bergen v/styret, merknad dagsett 15.5.2012

- Vil påpeike at alternativet mot Almenning bør utgreiast
- Ser for seg rv.15 i tunnel mellom Almenning og Skavøypollen, som vil fjerne stigninga over Almenningsfjellet og vere til spesielt nytte for tungtrafikken
- Peikar på at det er viktig for Kystvegen å ha mest mogleg rasjonell veg sørover frå ytre Nordfjord. Eit viktig omsyn er at trafikken til/frå Møre finn det nye sambandet tenleg, slik at denne trafikken er med på å finansiere det nye sambandet
- Ønskjer at planprogrammet presiserer at dei to Kystvegane er samanfallande strategiar, ikkje alternativ
- Peikar på at betre samband med Ålesund/søre Sunnmøre er viktig for kystregionen i fylket, og ber om at det kjem sterkare fram i grunngevinga for planen

Kommentar: Alternativet med utbetring av rv.15 Almenningsfjellet ligg utanfor dette planarbeidet, og høyrer ev. heime på overordna nivå som nasjonal og regional transportplan.

I dette planarbeidet handlar det først og fremst om 45-minuttsregionen. Etter det vi forstår er det ikkje, i dei rapportane som ligg til grunn for planarbeidet, gjort ei grundig vurdering av korleis vegløysingane i 45-minuttsregionen (Ytre fjordkryssing) passar inn i ynskje om ein meir rettlinja Kystveg Ålesund – Bergen.

Går ein tilbake til stortingsvedtaket om Kyststamvegen på 90-talet vart det bestemt at det er E39 som skal ha "nord-sør"- funksjonen. Om vegane ute på kysten vart det då sagt at dei skulle ha gode tilknytningar inn til E39 og meir lokale løysingar mellom sentra.

Sjå elles kommentarane til Naturvernforbundets merknad.

Fiskeridirektoratet region Vest, brev dagsett 16.5.2012

- Viser til at Fiskeridirektoratet si interesse hovudsakleg er å ta vare på fiskeri- og akvakulturinteressene i området
- Har ikkje registrert interesser i området for sjølve kryssinga av Nordfjorden
- Næraste interesseområde er
 - o Fiskeområde for makrell, sild og sei i Skorpepollen
 - o Låsettingsplass for sild, sei og brisling i Skorpepollen, aust for Ørnavika på Rugsundøy
- Har ikkje grunnlag for å tru at fjordkryssinga får konsekvensar for områda, men ber om at dei likevel vert teke med i utgreiinga under punkt 7.3.5 Naturressursar
- Viser til akvakulturanlegg, lokalitet 13837 Verpeide aust for Biskjelneset, og ber om at det vert teke kontakt med eigar av anlegget (Marine Harvest Norway AS) under arbeid med ferjekaiane
- Understrekar at ev. dumping av massar frå vegarbeidet ikkje må førekomme i fiskeområde

Kommentar: Planprogrammets punkt 7.3.5 Naturressursar bør supplerast med utgreiing av område for fiske og havbruk.

Sogn og Fjordane fylkeskommune, brev dagsett 16.5.2012

- Peikar på at fylkeskommunen har starta opp arbeidet med regional transportplan (RTP), og at det vil vere naturleg at kommunane Bremanger og Vågsøy spelar planarbeidet inn til RTP-prosessen
- Opplyser at høyringsfristen for planprogrammet for RTP er 8. juni

Kommentar: Kommunane har i forarbeidet til RTP spelt inn at Kystvegen er en viktig strekning å prioritere.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, brev dagsett 18.5.2012

Miljøvernavdelinga (MVA) meiner planprogrammet i hovudsak har med relevante utgreiingstema, med følgjande kommentarar:

- Meiner strandsonevernet bør vere eige vurderingstema
- Rår til at INON vert teke inn som vurderingstema
- Rår til at elvar/vassdrag vert teke inn som vurderingstema
- Meiner vegtrafikkstøy bør inn som tema i planarbeidet
- Legg til grunn at vurderingar etter Naturmangfaldslova vert lagt til grunn for planarbeidet

MVA vil ta nærare stilling til konkrete problemstillingar og potensielle konfliktrar i arealdisponeringa i samband med høyring av planframlegg med konsekvensutgreiing.

Landbruksavdelinga meiner at planprogrammet har med dei tema som er viktige å vurdere når det gjeld landbruk og kulturlandskap. Vurderer alternativet med ferjekai på Biskelneset og tunnel til Djupevika som det med minst verknader for jordbruk og kulturlandskap.

Beredskapseininga legg til grunn at funn og tilrådingar frå ROS-analysen vert følgde opp og innarbeidde i planen og har følgjande kommentarar:

- Meiner det er viktig at tema for analysen ikkje vert for avgrensa
- Meiner ROS-analysen må vurdere konsekvensen av klimaendringane
- Påpeikar at det må gå tydeleg fram kven som har gjort ROS-analysen
- Understrekar at ei sjekklister åleine ikkje er å sjå som ein ROS-analyse

Kommentar:

- *Strandsonevern, INON, elvar/vassdrag og naturmangfaldslova vert lista som vurderingstema under planprogrammets punkt 7.3.3 Naturmiljø*
- *Samfunnskostnader ved støy inngår i prissette konsekvensar og berekning i programmet EFFEKT. Når det gjeld vegtrafikkstøy elles har vi rekna trafikkgrunnlaget som for lågt til at det er grunnlag for eigne støyutgreiingar. Vi foreslår at vurdering av vegtrafikkstøy og ev. behov/grunnlag for eigne støyutrekningar vert teke inn under planprogrammets punkt 7.3.2 Nærmiljø og friluftsliv.*
- *Vi foreslår at klimaendringar vert lista som vurderingstema med særleg fokus i planprogrammets punkt 7.6 Samfunnstryggleik. Dei andre merknadane som gjeld ROS meiner vi er dekkja av planprogrammet.*

Sogn og Fjordane Energi, SFE Nett AS. E-post dagsett 21.5.2012

- Ser at nokre av vegalternativa kryssar SFE sitt kraftnett både på regionalnettnivå og på distribusjonsnettnivå

- Har meldt og planlegg konsesjonssøknad på 132 kV kraftledning frå Svelgen via Bremangerlandet til Deknepollen i Vågsøy. Legg til grunn samarbeid med kommunane
- Vil komme med meir detaljerte innspel når detaljtrase for ny veg skal avklarast
- Kan kontaktast for meir informasjon om nettplanane

Kommentar: Innspela om samarbeid bør takast til følgje. Ingen endringar i planprogrammet påkravd.

MERKNADER FRÅ PRIVATE

Ole Åsmund Bernås, merknad dagsett 14.4.2012

- Meiner at vegen bør leggjast i ein lang tunnel frå Almenningsfjellet (B) til Biskjelneset (2)
- Alternativet vil då få greie stigningsforhold, små inngrep for natur og naboar, berre to tunnelpåhogg og enkelt vintervedlikehald

Kommentar: Alternativet som det her vert peika på er mogleg å vurdere innafor dei rammene som planprogrammet har satt, eventuelt som ein variant av B2. Sjå kommentarar til merknader frå Oddvar Angelshaug og Unni og Asle Flatin.

Notat frå ope folkemøte på Kolset skule 7.5.2012, v/Inger Hilde

Innspel:

- Ynskjer bru i staden for ferje, ikkje framtidsretta med ferje. Betalar gjerne bompengar for bru
- Er sambandet ein no planlegg bra også i høve Kystvegen?
- Kvifor ikkje samband til rv.15 lenger mot Eid; påkopling austanfor Almenningsfjellet eller bru lenger aust
- Biskjelneset best i høve maritime forhold
- Behov for djupvasskaiar, kan leggjast til Hamnen dersom veg blir bygt vestover frå eksisterande fv.616
- Ynskjer at det blir planlagt for midtdelar

Kommentar: Merknadene er registrert. Vi trur at det kan vere feilreferert, og at det ikkje er Hamnen som er meint, men nordsida av Rugsundøy? Sjå elles kommentar under Naturvernforbundets merknad.

Kolset Krins Utviklingslag v/Magnar Storøy, brev dagsett 10.5.2012

- Det er viktig for utviklingslaget at kulturlandskap og natur vert skåna
- Ber om at det vert sett på ei løysing der planlagt tunnel på Rugsundøy kjem ut i dagen aust for Hamnen, i tilknytning til eksisterande vegtrase langs Skatestraumen

Kommentar: Sjå kommentar under Naturvernforbundets merknad.

Oddvar Angelshaug, grunneigar gnr. 148, bnr. 1 og 4 på Angelshaug. Brev dagsett 14.5.2012

- Eigedomane er tidlegare gardsbruk, og vert i dag nytta av 3 familiar til fritidsbruk
- Meiner vegtrase på Angelshaug vil vere eit stort inngrep som vil forringe miljø til ferie og rekreasjon, verdi og trivselsfaktor

- Peikar på at strandsona på bnr.4 er naustområde i kommuneplanen. Meiner planlagde naust vil få forringa verdi av alternativet og miste sikt til bustadhusa pga. veg
- Meiner også annan arealbruk (hytter, garasje) og tilkomst til eigedomen vil verte vanskeleg
- Meiner ein bør velje lengre tunnel for å unngå inngrepa på Angelshaug
- Viser til kulturlandskapsverdiar som vert skjøtta av grunneigar, og krigsminner i området (skildra eige vedlegg)
- Ber om at eksisterande miljø, busetnad, kulturminne og naust/strandsona på Angelshaug vert bevart gjennom å velje annan trase

Kommentar: Vår planfaglege vurdering er at vegalternativet gjennom Angelshaug ikkje er eit godt alternativ. Alternativet har kortaste tunnelstrekninga, men er også brattast (4 % stigning, minstekravet er 5 %). Vegutløysing av hamneområdet på Biskjelneset vil skje via nytt samband, og det må reknast ein god del tungtrafikk. Tunnelmunning og kryss med lokalvegnett vil gje omfattande inngrep/endingar lokalt.

Alternativet med veg via Angelshaug er med hovudsakleg på grunn av tunnallengder og omsyn til kostnader. Kommunane bør vurdere å ta ut alternativet, ev. erstatte det med eit alternativet med lang tunnel direkte til Biskjelneset frå Almenningsfjellet vest. Sjå også kommentar til merknad frå Unni og Asle Flatin.

Unni og Asle Flatin, grunneigarar gnr. 148, bnr. 10 på Angelshaug. Brev dagsett 15.5.2012

- Eigedomen er fritidsbustad og i bruk totalt ca. 2 månader i året, og ligg nær planlagt vegalternativ på Angelshaug
- Peikar på at ferjeleielokaliseringa omtalt som Biskjelneset eigentleg heiter Temrevikneset/Temrevika
- Meiner ein variant av alternativ 2B med tunnel direkte til Temrevika i staden for via Angelshaug er eit godt alternativ rettare linjeføring og slakare stigning enn det framlagte alternativet. Meiner varianten bør takast inn i planprogrammet som eit 5. alternativ og grunnvir dette i 5 punkt:
 - o Ingen inngrep i eksisterande bygder
 - o Strandsona Temrevika – Angelshaug vert bevart
 - o Unngår vanskeleg kryss med lokalveg på Angelshaug
 - o Mindre rasfare (viser til steinsprang som har stengt lokalvegen)
 - o Kortare massetransport ved utfylling i sjø
- Meiner tunnelinnslag ved Temrevika kan justerast slik at alternativ 1B i planprogrammet får kortare tunnel
- Meiner støyvurderingar må vere inklusive vurderingar av støy frå tunnelmunningar ved bustad- og fritidsbusetnad. Meiner gjennomsnittsverdiar for støy over døgn ikkje vil gi riktig bilete av ferjetrafikken
- Peikar på at Angelshaug i dag er tilnærma urørt av støy og trafikk, og at fartsnivået er mykje lågare enn tillaten fart på 80 km/t pga. låg vegstandard, og at dette vil bli vesentleg endra
- Meiner støy i bygdene må inngå i vurderingar av nærmiljø og friluftsliv, og at konsekvensane for småbygdene er mangelfullt skildra i planprogrammet. Ny veg vil verte stor barriere mellom bygd og sjø
- Meiner kulturlandskapet på Angelshaug og i Vemmelsvik har stor verdi og bør takast vare på

- Meiner framtidig brukryssing er for lite omtalt i planprogrammet, og Kystvegen Bergen – Ålesund for lite vektlagt. Meiner planområdet burde vere større når kystvegen Bergen – Ålesund er ein del av målsettinga
- Ber om at alternativ med brukryssing vert omtalt og vurdert som ein del av planarbeidet

Kommentar:

- *Ferjeleielokaliseringa er omtalt som Biskjelneset i tidlegare utgreiingar, og er kalla Biskjelneset hamn i gjeldande arealdel til kommuneplan. Det er derfor valt å halde på dette namnet, sjølv om det er unøyaktig i vurderinga av lokale forhold.*
- *Det gjeld for alle vegalternativa at dei er å sjå som trasealternativ der meir nøyaktig plassering av veglinjer, tunnelinnslag og ferjekaiar må utgreiast og fastsetjast i det påfølgjande kommunedelplanarbeidet.*
- *Vi er i hovudsak einige i at ein variant av 2B som går i tunnel utanom Angelshaug vil vere eit godt alternativ, og det har også vore drøfta undervegs i arbeidet. Alternativet med veg via Angelshaug er med hovudsakleg på grunn av at det gir høve til kortare tunnel, og med det lågare kostnader. I ei utgreiing ville varianten med lengre tunnel kunne komme fram som avbøtande tiltak for fleire av dei ulempene som vert påpeika.*
- *Dersom kommunane ønskjer å halde på alternativet med kort tunnel til Angelshaug, kan det vere fornuftig at varianten med lang tunnel vert sikra vurdert slik at skilnadene for kulturlandskap, strandsone, kulturminne og lokalmiljø kjem tydeleg fram. Vi ser for oss følgjande alternativ:*
 - o *Alternativ 2B var. kort tunnel Almenningsfjellet vest – Angelshaug*
 - o *Alternativ 2B var. lang tunnel Almenningsfjellet vest – Biskjelneset*
- *Samfunnskostnader ved støy inngår i prissette konsekvensar og berekning i programmet EFFEKT. Når det gjeld vegtrafikkstøy elles har vi rekna trafikkgrunnlaget som for lågt til at det er grunnlag for eigne støyutgreiingar. Vi foreslår at vurdering av vegtrafikkstøy og ev. behov/grunnlag for eigne støyutrekningar vert teke inn under planprogrammets punkt 7.3.2 Nærmiljø og friluftsliv.*

Kystvegen Bergen – Ålesund og framtidig brukryssing innafor planområdet er ivaretatt i planprogrammets punkt 7.4 regional utvikling. Sjå elles kommentar under Naturvernforbundets merknad når det gjeld det regionale perspektivet.

Kommunen si administrative vurdering/konklusjon:

Pkt 1.1 Krav til utgreiing av sjøtransport vert innarbeidd i planprogrammet pkt 7.4, lokal og regional utvikling.

Pkt 1.4 Planprogrammet bør presisere at lenger dagline for strekningen Almenningsfjellet vest og Vemmelsvika skal vurderast.

Pkt 1.6 Ein vektlegg måla for 45-minuttsregionen, og stortingsvedtak på 90-talet om at E39 skal ha nord-sør-funksjonen, medan vegnettet på kysten skal ha godtilknytning til E39 og meirlokale løysingar mellom sentra. Ein konkluderer difor med at ein ikkje ynskjer å ta med eit nytt alternativ aust for Almenningsfjellet, der føremålet er eit meir effektivt samband ytre Nordfjord- Møre og Kystvegen generelt. Vurderinga har også bakgrunn i at alternativet gjev store behov for vegutbetring, og inngrep i strandsone. Inkludering av trasè her vil gje krav til nytt ettersyn av planprogrammet.

Pkt 1.7 Krav til utgreiing av fiske og havbruk innarbeiddast i planprogrammet pkt 7.3.5 om naturressursar.

Pkt 1.9 Krav til utgreiing av strandsonevern, INON (inngrepsfrie naturområde), elvar/vassdrag og naturmangfaldlova vert innarbeidd i planprogrammet pkt 7.3.3 om naturmiljø.

Krav til vurdering av trafikkstøy/behov for støyutrekningar vert teke inn i planprogrammet pkt 7.3.2 nærmiljø og friluftsliv.

Krav til vurdering av klimaendringar, med særleg fokus, blir teke inn i planprogrammet pkt 7.6 om samfunnstryggleik.

Pkt 2.1, 2.4 og 2.5 For alternativ B2 har ein bede AsplanViak å sjekke ut realistiske alternativ for ei vestlegare tunneline, der ein unngår dagline, med store inngrep, på Angelshaug. Det ligg då til rette for mogeleg vedtak av om ei slik alternativ line bør inkluderast i planprogrammet med krav til utgreiing. Inkludering av slik tunneline vil ikkje gje krav til nytt ettersyn av planprogrammet. Vedtak om inkludering av slikt alternativ overlet ein til planutvalet i Vågsøy.

Ein meiner ikkje det er godt nok grunnlag for å ta ut alternativet over Angelshaug med det ein veit no, men ynskjer at det står ved lag i planprogrammet med krav til utgreiing.

Pkt 2.2 Innspelet galdt djupvasskaiar på nordsida av Rugsundøy. Notat er oppretta.

Pkt 1.5 og 2.3 Dersom det gjennom planprosessen viser seg at daglina i Hamnen gjev for store inngrep i landskap og kulturminne, ligg det innanfor planprogrammet å utgreie ei line med lenger tunnel og påkopling til fv 616 lenger aust. Med den kunnskap og dei innspel ein har no, ynskjer ein ikkje å leggje slik line inn i planprogrammet med krav til utgreiing.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jfr Plan- og bygningslova § 4-1, 2. ledd, og § 11-13, vert Planprogram for kommunedelplan for Ytre fjordkryssing Nordfjorden, datert 14.03.12, vedteke med endringar som framgår av overståande administrativ vurdering/konklusjon.

.....

1

12.06.2012 Formannskapet

FSK-106/12 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

Jfr Plan- og bygningslova § 4-1, 2. ledd, og § 11-13, vert Planprogram for kommunedelplan for Ytre fjordkryssing Nordfjorden, datert 14.03.12, vedteke med endringar som framgår av overståande administrativ vurdering/konklusjon.

21.06.2012 Kommunestyret

KST-037/12 Vedtak:

Samrøystes vedtak som framlegget frå Formannskapet.

.....